



Saksprotokoll

Organ: Fylkesrådet for funksjonshemma

Møtedato: 23.03.2015

Sak nr.: 15/2666-5

Internt l.nr.: 12248/15

Sak: 2/15

Tittel: **Personsammanfall medlemmer i fylkesrådet for eldre og fylkesrådet for funksjonshemma**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Fylkesrådet for funksjonshemma gjev følgjande uttale:

1. Namneendringa frå «Fylkesrådet for funksjonshemma» til «Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne» vert godkjend.
2. Det er ønskeleg med kjønnsbalanse i Fylkesrådet for funksjonshemma, og rett at dette kjem med i nye vedtekter.
3. Fylkesrådet for funksjonshemma vil på det sterkaste frårå at det vert eit nytt råd på 7 personar der det er personsamanfall i rådet for eldre og rådet for funksjonshemma. Vi meiner at den organiseringa vi har i dag tek i vare representasjonen frå dei funksjonshemma og politikarane på ein betre måte. Vi har følgjande grunngjeving:
 - a. Vi kan vanskeleg sjå at det er nokon særleg praktisk skilnad på eit felles råd og eit råd med personsamanfall og møte same dag. Ingen andre fylkeskommunar har ei slik organisering som her er føreslegen, og få av kommunane (11%). Organiseringa er ikkje tilrådd i forskrift frå departementet i 2007.
 - b. Framlegget går på å auke den samla representasjonen til eldre frå 3 til 4 og redusere representasjonen frå funksjonshemma frå 3 til 2, og politikarar frå 3 til 1. Dette er ein alvorleg reduksjon av representasjonen frå dei funksjonshemma sine mange organisasjonar. Vi kan heller ikkje sjå at det styrker mulegheitene for påverking av politiske prosessar for funksjonshemma. Vi er også uroa over at det kan verte endå vanskelegare å rekruttere unge funksjonshemma inn i eit slikt råd.
 - c. I saksutgreiinga vert det synt til at mange av sakene er dei same for både rådet for eldre og rådet for funksjonshemma. Truleg gjeld dette nokre orienteringar i samband med budsjett og aktuelle fylkeskommunale planar som er på høyring. Vi ser at ved å legge eit møte i året til same dag kan ein få felles informasjon når det er aktuelt.

- d. Saksfeltet for Fylkesrådet for funksjonshemma er svært vidt fordi det finst svært mange ulike funksjonshemmingar for menneske i alle aldrar. Opplæring av rådsmedlemene for å gje dei kunnskap, vil verte meir omfattande di større feltet er. Deltaking på regionale samlingar og to landskonferansar i året vil verte dyrare med eit større råd . (I dag har vi landskonferanse for eldreråd og landskonferanse for fylkesråd for funksjonshemma)